

NOREGS BANK MEMO

Utviklingstrekk i kunderetta betalingsformidling – 2014

REVIDERT

NR 1 | 2015



NOREGS BANK

Noregs Bank Memo Nr. 1 | 2015

Noregs Bank

Adresse: Bankplassen 2

Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo

Telefon: 22316000

Telefaks: 22413105

E-post: central.bank@norges-bank.no

Internett: <http://www.norges-bank.no>

Trykk: 07 Media AS

ISSN 1894-0269 (papir)

ISSN 1894-0277 (online)

ISBN 978-82-7553-862-6 (trykk)

ISBN 978-82-7553-863-3 (online)

Utviklingstrekk i kunderetta betalingsformidling – 2014.....	4
1. Bruk av betalingsinstrument.....	4
2. Korttransaksjonar.....	7
3. Kontantar	14
4. Prisar i betalingsformidlinga	17
5. Bankane sine inntekter frå betalingsformidling.....	19
Tabellar	20
Generelle data.....	20
Betalingsmiddel i Noreg.....	20
Betalingsinfrastruktur	21
Kunderetta betalingstenester.....	24
Prisar.....	31
Sende pengar heim.....	34
Forklaringar og kjelder til tabellane.....	35

Utviklingstrekk i kunderetta betalingsformidling – 2014¹

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2015

Den sterke veksten i bruken av betalingskort heldt fram også i 2014. Kvar innbyggjar nytta i gjennomsnitt kortet 369 gonger i fjor. Korta vert nytta til stadig mindre betalningar. Betalingar i utlandet og over Internett utgjer ein stadig større del av dei samla betalingane. Dette har medverka til at bruken av internasjonale kort veks raskare enn bruken av BankAxept. Saman med at kortbruken aukar, indikerer reduserte uttak av kontantar frå minibankar og i samband med varekjøp, at kontantar vert brukte stadig sjeldnare i Noreg.


Merknad: Talet på minibankar ved utgangen av 2014 har vorte revidert frå 1764 til 2033. I notatet er figur 17 og 18 bytte ut og kommentarane endra. Vedlegga er endra tilsvarande.

1. Bruk av betalingsinstrument

I hovudsak finst det to typar betalingsmiddel: kontantar og bankinnskott (kontopengar). Betalingsmidla kan disponerast ved bruk av betalingsinstrument. Betalingskort og girobetalningar er døme på betalingsinstrument som gjer kontopengar tilgjengelege. Kontantar kan nyttast utan bruk av andre instrument og er derfor både betalingsmiddel og betalingsinstrument.

Figur 1 viser utviklinga i bruken av betalingsinstrument utanom kontantar. I 2014 vart det til saman gjort noko under 2,5 milliardar betalingstransaksjonar. Dette var 7,2 prosent fleire transaksjonar enn i 2013.

Figur 1 Bruk av betalingsinstrument. Millionar transaksjonar. 2001–2014




Kjelde: Noregs Bank

¹ Statistikken som vert nytta i dette notatet, er utarbeidd av Statistisk sentralbyrå på vegner av Noregs Bank. Utførlege tabellar er vedlagde dette dokumentet og i tillegg publiserte på internettsidene til Noregs Bank.

Bruken av debet- og kreditoverføringer har auka jamt i ei årrekke. I 2014 vart det utført rundt 630 millionar slike betalningar, om lag 3 prosent fleire enn i 2013. Talet på transaksjonar med betalingskort har vakse stadig sterkare dei siste åra. Frå 2013 til 2014 auka talet på korttransaksjonar med nær 9 prosent. I 2014 vart det utført om lag 1,8 milliardar korttransaksjonar.

Ei typisk girobetaling er mykje større enn ei typisk kortbetaling. I 2014 var den gjennomsnittlege girobetalinga om lag 24 000 kroner, medan den gjennomsnittlege kortbetalinga var på om lag 375 kroner. Verdien av debet- og kreditoverføringane (girobetalingane) summerte seg til om lag 15 200 milliardar kroner i 2014, sjå figur 2. Verdien vaks med om lag 8 prosent frå 2013 til 2014. Verdien av kortbetalingane vaks òg med om lag 8 prosent frå 2013, til rundt rekna 680 milliardar kroner.


Figur 2 Bruk av betalingsinstrument. Milliardar kroner. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Meir enn halvparten (57 prosent) av all bruk av betalingsinstrument (utanom kontantar) i 2014 var med det nasjonale debetkortsystemet BankAxept, sjå figur 3. Betalningar med internasjonale betalingskort (både debetkort, kredittkort og faktureringskort) stod for 17 prosent av betalingane. Betalingskort elles (nasjonale kredittkort og førehandsbetalte internasjonale kort) stod for ei marginal del av betalingane. Nettbankbetalingar var den mest brukte typen girobetaling (18 prosent). Direkte debiteringar stod for 4 prosent av alle betalingane. Direkte debiteringar er girobetalingar som betalingsmottakaren har sett i gang. Døme er AvtaleGiro (privatkundar) og AutoGiro (føretakskundar). Girobetalingar elles (mellom anna brevgiro, telegiro og mobilbank) stod òg for 4 prosent av betalingane.

Figur 3 Bruken av ulike betalingsinstrument som del av totale transaksjonar og total verdi. 2014



Kjelde: Noregs Bank

Både mottakaren og betalaren må ha avtale med banken for at det skal kunne gjennomførast ei direkte debitering. Ved utgangen av 2014 fanst det drygt 17,2 millionar avtalar om direkte debiteringar. Det er ein auke på 10 prosent frå 2013.

Avtalegiro og Autogiro kan kombinerast med elektronisk faktura (e-faktura). Ved utgangen av 2014 fanst det om lag 1500 avtalar² med føretak om å tilby e-faktura. Det fanst 15,3 millionar avtalar med privatpersonar og 0,3 millionar avtalar med føretak om å ta imot e-faktura, høvesvis 12 og 28 prosent fleire avtalar enn ved utgangen av 2013.


Det var i underkant av 600 000 brevgiro-avtalar ved utgangen av 2014. Dette er 5 prosent færre enn ved utgangen av 2013.

Verdien av nettbankbetalingane utgjorde heile 82 prosent av den samla verdien av betalingane i 2014. Verdien av direkte debiteringar og girobetalingar elles utgjorde høvesvis 2 og 12 prosent av den samla verdien. Kortbetalingar stod for berre 4 prosent av den samla verdien av dei elektroniske betalingane.

På figur 4 er personkundane sine debet- og kreditoverføringar viste. Overføringar i nettbank, direkte debiteringar og mobilbank har vakse i dei siste åra og er dei tre mest brukte overføringstenestene for personkunder. Omfanget av brevgiro og telegiro har minka for kvart år og er no lite brukte løysingar.

2 Avtalar som er registrerte i Nets.

Figur 4 Debet- og kreditoverføringer fra personkunder. Millioner transaksjoner. 2001–2014




Kjelde: Noregs Bank

2. Korttransaksjonar

I 2014 vart det til saman gjennomført 1,89 milliardar korttransaksjonar³ i Noreg, ein auke på 7,6 prosent frå 2013. I gjennomsnitt brukte kvar innbyggjar betalingskort 369 gonger i 2014, sjå figur 5. Til samanlikning vart betalingskort i gjennomsnitt nytta 347 gonger i 2013. Gjennomsnittleg verdi på korttransaksjonane (inkludert uttak) i 2014 var 428 kroner, ned frå 442 kroner i 2013.

Figur 5 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar per år og verdi per korttransaksjon i kroner. 2001–2014




Kjelde: Noregs Bank

3 Inkluderer varekjøp med og utan kontantuttak og uttak frå minibankar.

Ved utgangen av 2014 var det totalt utferda om lag 13,7 millionar norske betalingskort, sjå figur 6. Talet på utferda kort har auka for kvart år sidan slike kort vart lanserte i siste halvdel av 1970-åra. Frå 2013 til 2014 auka talet på kort med 8,5 prosent.

Figur 6 Talet på utferda norske betalingskort. I heile tusen. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Den vanlegaste korttypen er dei korta som kombinerer BankAxept med eit internasjonalt⁴ debetkort (som regel Visa), sjå oversikt 1. Over halvparten av dei utferda korta er av denne typen. Den nest vanlegaste korttypen er dei internasjonale kredittkorta. I overkant av 30 prosent av korta er av denne typen. Dei andre korttypane har berre små delar av den totale kortmengda.

Oversikt 1 Samansetjinga av utferda norske betalingskort⁵. Prosent. 2014

Type kort	Prosent
Kombinererte BankAxept/internasjonale debetkort	56,4
Internasjonale kredittkort	31,7
Internasjonale faktureringskort	4,1
Kombinererte internasjonale/nasjonale kredittkort	3,8
Ikkje-kombinererte BankAxept-kort	1,2
Kombinererte BankAxept/nasjonale kredittkort + nasjonale kredittkort	0,8
E-pengekort	2,0

Kjelde: Noregs Bank


I 2014 vart det gjort 1447 millionar transaksjonar med det norske debetkortsystemet BankAxept, sjå figur 7. Veksten frå 2013 til 2014 var på 5,9 prosent. Veksten i førre perioden var på 5,2 prosent. Det vart gjort 433 millionar transaksjonar med inter-

4 I den vidare teksten vert omgrepet *internasjonale kort* nytta om norske betalingskort som er utferda av internasjonale kortselskap.

5 *Debetkort*: Betalingskort som gjer det mogeleg for eigaren av kortet å disponere innskot og kreditt på bankkontoen som kortet er knytt til. Brukaren sin konto vert debiterert kvar gong kortet vert brukt.
Kredittkort: Betalingskort som ikkje er knytt til ein bankkonto, men med ein kreditt som kan avtalast nedbetalt uavhengig av kva tid kortet vert brukt.
Faktureringskort: Betalingskort som ikkje er knytt til ein bankkonto. Brukaren tek med visse tidsintervall imot ein samlefaktura.

nasjonale kort i 2014. Veksten minka noko, frå 17,7 prosent i 2013 til 14,4 prosent i 2014. Nasjonale kredittkort stod for berre om lag 5 millionar transaksjonar.


Figur 7 Bruk av norske betalingskort etter utferdar. Millionar transaksjonar. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Marknadsdelen for BankAxept-kort minkar framleis, og fall frå 78 til 76,8 prosent frå 2013 til 2014, sjå figur 8.⁶ Prosentdelen av den samla kortbruken for internasjonale debetkort steig frå 12,7 til 13,6 prosent og for internasjonale kredittkort frå 7,7 til 8,2 prosent. Den samla marknadsdelen for internasjonale kort (inkludert internasjonale faktureringskort) var i 2014 på 23 prosent. Marknadsdelen for nasjonale kredittkort var på 0,3 prosent i 2014.

Figur 8 Bruk av norske betalingskort etter funksjon og utferdar. Prosent av alle transaksjonar. 2001–2014




Kjelde: Noregs Bank

⁶ Andel av samla bruk av norske kort. BankAxept-kort kan ikkje nyttast ved kjøp i utlandet eller over Internett. Dersom vi ser bort frå slik kortbruk, var BankAxept sin del av den samla bruken 89,1 prosent i 2014 mot 89,6 prosent i 2013.

Verdien av BankAxept-transaksjonane i 2014 summerte seg til 554 milliardar kroner, sjå figur 9. Veksten frå 2013 til 2014 var på 2,3 prosent, den same som i den førre perioden. Verdien av transaksjonane med internasjonale kort vaks med 9,1 prosent frå 2013 til 2014 og summerte seg til 245 milliardar kroner i 2014.


Figur 9 Bruk av norske betalingskort etter utferdar. Milliardar kroner. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Målt i verdi stod BankAxept-transaksjonane for 69 prosent av den samla verdien av korttransaksjonar, sjå figur 10. Dette var ein noko lågare del enn i 2013. Internasjonale kort auka sin del av den totale verdien av korttransaksjonane frå 29 til 30 prosent. Internasjonale debetkort og internasjonale kredittkort stod kvar for 14 prosent av den samla transaksjonsverdien.


Figur 10 Bruk av norske betalingskort etter utferdar og funksjon. Prosent av verdi. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Det har vore ein svært sterk vekst i varekjøp over Internett med betalingskort dei siste åra, sjå figur 11. I 2014 vart det gjort 115 millionar slike kjøp. Auken frå 2013 til 2014 var på 20,9 prosent. Kjøp frå utanlandske nettstader utgjorde om lag to tredelar av kjøpa. Den samla verdien av internettkjøpa har ikkje vakse like sterkt som talet på kjøp, noko som inneber at den gjennomsnittlege verdien ved kjøpa har falle. I 2014 var gjennomsnittstorleiken på kjøpa noko lågare enn 600 kroner. Den samla verdien på internettkjøpa i 2014 var 69 milliardar kroner, 15,4 prosent høgare enn i 2013.


Figur 11 Varekjøp over Internett med norske betalingskort. 2007–2014



Kjelde: Noregs Bank

Varekjøp frå nettstader tek over ein stadig større del av dei totale vare- og tenestekjøpa. Figur 12 viser at internettkjøp i 2014 utgjorde 6,3 prosent av alle varekjøp med norske kort. Målt i verdi utgjorde internettkjøpa 10,1 prosent av verdien av alle kortkjøpa.

Figur 12 Varekjøp over Internett med norske betalingskort som prosentdel av alle varekjøp med norske kort. 2007–2014




Kjelde: Noregs Bank

Figur 13 viser den samla bruken av norske betalingskort i utlandet, både på fysiske brukarstader og over Internett. Til saman vart det gjort 220 millionar transaksjonar i utlandet. 204 millionar transaksjonar var varekjøp, medan 16 millionar transaksjonar var kontantuttak. Talet på varekjøp auka med i overkant av 16 prosent frå 2013 til 2014. Kontantuttaka vart noko færre.

Også om vi ser bort frå internettkjøpa, var det ein sterk auke i bruken av norske betalingskort i utlandet. Varekjøpa på fysiske brukarstader i utlandet auka med om lag 14 prosent frå 2013 til 2014, eller frå 114 til 130 millionar betalingar. I hovudsak er det internasjonale kort som vert nytta når ein kjøper varer frå fysiske brukarstader i utlandet. Statistikken syner at internasjonale *debetkort* vart nytta i litt over 8 av 10 slike tilfelle.


Figur 13 Bruk av norske betalingskort i utlandet. Millionar transaksjonar. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Verdien av kortbruken i utlandet i 2014 summerte seg til 130 milliardar kroner, ein vekst på om lag 11 prosent frå 2013, sjå figur 14. Verdien av varekjøpa utgjorde 109 milliardar kroner, medan verdien av kontantuttaka utgjorde 21 milliardar kroner. Den gjennomsnittlege storleiken på kontantuttak i utlandet i 2014 motsvarte verdien av om lag 1300 norske kroner. Den gjennomsnittlege storleiken på varekjøp på fysiske brukarstader i utlandet motsvarte verdien av om lag 530 norske kroner.


Figur 14 Bruk av norske betalingskort i utlandet. Milliardar kroner. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Noreg er framleis mellom dei landa der folk bruker kort oftast for å betale for varer og tenester, sjå figur 15.

Figur 15 Korttransaksjonar per innbyggjar i utvalde land. Betalingar og kontantuttak. 2013




Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS, Sedlabanki Islands

3. Kontantar

Samstundes som kortbruken aukar, finst det indikasjonar på at bruken av kontantar minkar. Figur 16 syner talet på uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp og verdien av desse uttaka. Det vart gjort 55,7 millionar uttak frå minibankar i 2014. Dette er nær 17 prosent færre uttak enn i 2013. Uttaka frå minibank har no falle kvart år sidan 2007. Fallet i 2014 var meir markert enn falla dei føregåande åra.

Figur 16 Uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Basert på tala for uttak i innanlandske minibankar med norske kort, brukte kvar innbyggjar i gjennomsnitt ein minibank 11 gonger i 2014. I 2013 var talet 13 gonger, om lag halvparten av uttaka kvar innbyggjar i Sverige og Tyskland i gjennomsnitt gjorde. I Storbritannia tok kvar innbyggjar i gjennomsnitt ut pengar frå ein minibank 45 gonger i 2013.⁷ Sjeldnare uttak frå minibank i Noreg enn i mange andre land kan mellom anna skuldast at uttak i samband med varekjøp er mykje meir vanleg i Noreg og at bruken av debetkort er høg.

Det vart gjort 46,2 millionar uttak av kontantar i samband med varekjøp i 2014. Det er i underkant av 10 prosent færre uttak enn i 2013. Fallet er på linje med fallet dei fire føregåande åra.


Verdien på uttaka frå minibankar summerte seg til 87,9 milliardar kroner i 2014. I 2013 var verdien 99 milliardar kroner. Fallet frå 2013 til 2014 svarte til litt over 11 prosent. Fallet var over dobbelt så stort som fallet i førre periode. Uttaka som vart gjort i samband med varekjøp, summerte seg til 20,3 milliardar kroner i 2014, og utgjorde om lag 19 prosent av dei samla uttaka i minibankar og ved varekjøp. Uttaka i samband med varekjøp fall med noko over 6 prosent frå 2013 til 2014.

Det gjennomsnittlege uttaket frå minibankar steig frå 1482 kroner i 2013 til 1578 kroner i 2014, medan det gjennomsnittlege uttaket ved varekjøp steig frå 425 kroner i 2013 til 439 kroner i 2014.

⁷ Kjelde til internasjonale tal er BIS: Statistics on payment, clearing and settlement systems in the CPMI countries. Figures for 2013 (Red Book).

Ein brukar kan få tak i kontantar i nokre bankkontor, i minibankar og på mange handelsstader. Talet på minibankar minka frå 2096 i 2013 til 2033 i 2014. Talet for 2014 svarer til 0,40 minibankar per tusen innbyggjarar, sjå figur 17. Talet på betalings-terminalar på handelsstader har auka dei siste åra. I 2014 var det 147 784 betalings-terminalar. Dette svarte til like under 29 betalingsterminalar per tusen innbyggjarar.

Figur 17 Betalingsterminalar og minibankar per tusen innbyggjarar. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank

Ved uttak av kontantar i samband med varekjøp er det i hovudsak BankAxept-kort som vert nytta. Ved uttak i minibank kan kunden nytte ulike typar kort. Like oppunder 90 prosent av uttaka frå norske minibankar vart gjorde med BankAxept-kort.


Talet på minibankar per innbyggjar er noko lunde likt i Noreg og Sverige. Land som Storbritannia og Tyskland har om lag tre gonger fleire minibankar per innbyggjar enn Noreg.

Talet på betalingsterminalar per innbyggjar er noko lunde på linje i Noreg, Sverige og Storbritannia. I Tyskland er talet på betalingsterminalar per innbyggjar godt under det halve av talet i Noreg.

I 2014 vart kvar minibank i gjennomsnitt nytta til 27 398 kontantuttak, sjå figur 18. Frå kvar minibank vart det i gjennomsnitt teke ut 43 millionar kroner.

Kvar betalingsterminal vart i gjennomsnitt nytta 10 442 gonger i 2014 (varekjøp med og utan kontantuttak), mot 10 278 gonger i 2013.


Figur 18 Bruken av betalingsterminalar og minibankar. Per år. 2001–2014



Kjelde: Noregs Bank


Den gjennomsnittlege verdien av kontantar i omløp utgjorde knapt 50 milliardar kroner i 2014, og har endra seg lite dei siste åra. Men fordi bankinnskotta aukar, minkar verdien av kontantar som del av verdien av betalingsmiddel som publikum disponerer (M1). I 2014 utgjorde denne delen 5,3 prosent, sjå figur 19. Det er lågt i ein internasjonal samanheng, sjå figur 20.

Figur 19 Verdien av kontantar i omløp som prosentdel av verdien av betalingsmiddel (M1), konsumet i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. 2001–2014



Kjelder: Noregs Bank, Statistisk sentralbyrå

Figur 20 Kontantar som prosentdel av betalingsmiddel (M1) i utvalde land. 2013



Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS, Sedlabanki Islands

4. Prisar i betalingsformidlinga

Oversikt 2 gir informasjon om prisar for ulike bank- og korttenester. Prisane er lågare for kundar som er med i bankane sine kundeprogram, enn for dei som står utanfor slike program. Prisane for betaling av rekningar varierer mykje mellom dei ulike betalingsformene. Papirbaserte og manuelle betalingstenester er klart dyrast. Betaling av giro i skranke med kontantar kostar i gjennomsnitt noko under 90 kroner for ein programkunde. Betaling med AvtaleGiro eller frå nettbank med KID er stort sett gratis for programkundar, men kostar om lag 1,50 kroner for andre kundar.

Gjennomsnittleg årsavgift for BankAxept-kort kombinert med eit internasjonalt kort var ved inngangen til 2015 om lag 209 kroner for kundar innanfor kundeprogram og 278 kroner for kundar som står utanfor slike program. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept var ved inngangen til 2015 null for kundar i program og 1,70 kroner for kundar utanfor program.

Oversikt 2 Prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak for personkundar. Vekta gjennomsnittsprisar i kroner per 1. januar

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2015

	Ikkje programkundar				Programkundar			
	2012	2013	2014	2015	2012	2013	2014	2015
Betalingstransaksjonar								
Nettbank med KID, pris per betaling	1,7	1,3	1,5	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0
Nettbank, årsavgift	19,7	14,2	20,3	20,5	1,6	1,5	1,4	0,4
AvtaleGiro, pris per betaling								
AvtaleGiro, pris per betaling	1,6	1,4	1,6	1,5	0,0	0,0	0,1	0,1
Mobilbank med KID, pris per betaling								
Mobilbank med KID, pris per betaling	1,7	1,3	1,5	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0
Mobilbank - overføringer mellom egne kontoar	0,1	0,1	0,1	0,1	0,0	0,0	0,0	0,0
Mobilbank - SMS-info	2,5	2,1	2,1	2,2	1,3	1,1	1,2	1,3
Brevgiro, pris per betaling								
Brevgiro, pris per betaling	8,1	8,8	8,8	8,9	8,3	9,2	9,5	9,5
Giro over skranke frå konto, pris per betaling								
Giro over skranke frå konto, pris per betaling	56,6	63,3	61,0	60,2	54,7	61,3	59,0	59,3
Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling								
Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling	79,3	81,8	84,6	77,0	78,5	80,5	85,1	88,9
BankAxept-kort i betalingsterminal, per betaling								
BankAxept-kort i betalingsterminal, per betaling	1,5	1,5	1,7	1,7	0,1	0,0	0,0	0,0
Årspris på internasjonale kredittkort								
Årspris på internasjonale kredittkort	149,2	145,8	147,5	145,1	27,1	14,3	27,3	22,6
Årspris på BankAxept (kombinert med internasjonalt debetkort)								
Årspris på BankAxept (kombinert med internasjonalt debetkort)	260,9	268,2	276,6	278,2	209,3	218,8	207,0	208,9
Minibankuttak med debetkort								
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	0,3	0,1	0,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Eigen minibank utanom opningstida, pris per uttak	2,5	2,7	3,1	3,0	0,0	0,0	0,1	0,0
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	4,9	4,9	5,6	5,5	5,5	4,8	5,2	5,1
Minibankuttak med internasjonale kredittkort								
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	24,4	23,9	27,7	28,0	29,3	30,1	28,5	28,4
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	24,5	24,0	27,7	28,1	29,4	30,2	28,6	28,4
Påslag i prosent av uttaket	0,9	0,9	1,0	1,1	1,1	1,2	1,2	1,2

Kjelder: Noregs Bank, Finansportalen

Stort sett er det gratis å ta ut pengar med debetkort i opningstida frå ein minibank som høyrer til eigen bank. Uttak med debetkort frå minibankar som høyrer til andre bankar, kostar i opningstida 5,10 kroner i eit kundeprogram og 5,50 kroner utanfor eit kundeprogram. Uttak med internasjonale kredittkort kostar om lag 28 kroner i dei fleste tilfelle. I tillegg kjem eit gebyr på i overkant av éin prosent av uttaksbeløpet.

Oversikt 3 syner samanstilte prisar frå Finansportalen si «Sende pengar heim»-teneste. Tenesta skal vere «ei hjelp til forbrukarar i Noreg som har behov for å sende pengar til familie og vener i sitt andre heimland». Pengeoverføringstenester til 28 ulike land er dekte av tenesta.⁸ Både bankar, finansielle føretak og betalingsføretak tilbyr overføringer av pengar til desse landa. Prisen på overføringa er avhengig av ulike faktorar. Prisen, målt i prosent av overføringsbeløpet, fell med storleiken på beløpet. Overføring ved personlig oppmøte er mykje dyrare enn overføringer over Internett. Grunn-data syner at storleiken på gebyret er avhengig av kor fort overføringa skjer, medan det berre i mindre grad er avhengig av mottakarlandet. Generelt er bankane dyrast ved

⁸ Afghanistan, Bosnia-Herzegovina, Brasil, Chile, Eritrea, Etiopia, Filippinane, Gambia, Ghana, India, Irak, Kina, Kosovo, Latvia, Litauen, Makedonia, Marokko, Nigeria, Pakistan, Palestina, Polen, Romania, Russland, Serbia, Sri Lanka, Thailand, Tyrkia og Vietnam.

personleg oppmøte, medan finansielle føretak og betalingsføretak er dyrast ved overføringar over Internett. Gebyra består av valutamargin og andre gebyr, der andre gebyr består av både ein fast del og ein del som er avhengig av storleiken på beløpet.

Oversikt 3 Prisar for å sende pengar til eit utval land. Bankar og andre aktørar. I prosent av overføringsbeløp. Per 15. mars 2015


	Personleg oppmøte			Betalingsoppdrag over Internett		
	1000 kroner	3000 kroner	5000 kroner	1000 kroner	3000 kroner	5000 kroner
Bankar	24,5	8,9	5,7	5,6	2,5	1,9
Valutamargin	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Andre gebyr	23,5	7,8	4,7	4,6	1,5	0,9
Finansielle føretak og betalingsføretak	9,6	8,4	8,5	7,4	5,6	5,5
Valutamargin	4,4	4,4	4,4	3,6	3,6	3,6
Andre gebyr	5,2	4,0	4,1	3,8	2,0	1,9
Alle aktørar	21,0	8,7	6,8	6,3	3,8	3,3
Valutamargin	2,4	2,4	2,4	2,0	2,0	2,0
Andre gebyr	18,6	6,3	4,5	4,3	1,7	1,3

Kjelder: Noregs Bank, Finansportalen

5. Bankane sine inntekter frå betalingsformidling

Bankane sine inntekter frå betalingsformidling utgjorde om lag 7,1 milliardar kroner i 2014, sjå figur 21. Inntektsauken frå 2013 svarte til om lag 2 prosent. Auken var noko svakare enn auken i bankane sine totale rente- og provisjonsinntekter, som auka med om lag 7 prosent frå 2013 til 2014. Ein stadig større del av inntektene frå betalingsformidling kjem frå betalingskortverksemda. I 2014 stod desse inntektene for 63,5 prosent av dei samla inntektene frå betalingsformidlinga.

Figur 21 Inntekter til bankane frå betalingsformidling og netto rente- og provisjonsinntekter. Milliardar kroner. 2006–2014



Kjelder: Noregs Bank, Statistisk sentralbyrå

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Folketal (per 1. jan., millionar)	4,58	4,61	4,65	4,69	4,75	4,81	4,87	4,92	4,99	5,05	5,11
BNP, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 782	1 989	2 215	2 350	2 605	2 430	2 590	2 792	2 965	3 069	3 151
BNP Fastlands-Noreg, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 408	1 514	1 662	1 830	1 943	1 965	2 074	2 158	2 295	2 423	2 530
Forbruket i hushalda (milliardar kroner)	757	798	853	911	956	978	1 038	1 072	1 121	1 176	1 230
Kurs mot euro (årgjennomsnitt)	8,37	8,01	8,05	8,02	8,22	8,73	8,01	7,79	7,47	7,81	8,35

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årsslutt, millionar kroner)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Pengemengda (M2)	972 013	1 085 330	1 233 749	1 440 205	1 494 802	1 529 940	1 609 936	1 709 189	1 773 712	1 881 344	1 980 608
Betalingsmiddel i alt (M1)	472 058	552 246	679 503	760 448	736 491	744 260	788 613	828 816	826 016	875 018	902 792
Setlar og myntar	43 340	46 530	48 247	49 543	49 128	48 399	48 725	48 983	48 408	48 457	47 879
Innskot på transaksjonskontoar	428 718	505 716	631 256	710 905	687 363	695 861	739 888	779 833	777 608	826 561	854 913
Andre innskot	423 184	435 483	473 108	559 351	657 162	693 888	731 271	780 481	868 558	931 727	1 010 026
Banksertifikat og delar i penge-marknadsfond	76 771	97 601	81 138	120 406	101 149	91 792	90 052	99 892	79 138	74 599	67 790

Tabell 3: Likviditeten i banksystemet (millionar kroner). Årgjennomsnitt

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken	21 337	28 666	24 536	24 867	41 713	75 111	46 832	46 498	32 167	32 981	34 078
Bankane sine innskot til reserverente i sentralbanken	:	:	:	:	:	:	:	1 039 ¹	1 312	923	954
Innskot til sentralbanken (F-innskot)	:	:	:	:	:	:	:	26 344 ¹	11 402	9 527	28 744
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån)	18 788	14 694	34 411	46 670	67 515	66 242	72 759	32 351	15 352	15 806	5 147

¹ Gjennomsnitt frå 3. oktober 2011

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
I alt	43 728	45 887	49 218	50 439	50 413	50 356	50 450	50 315	51 179	49 762	49 352
Setlar i alt	39 429	41 382	44 523	45 858	45 838	45 704	45 676	45 463	46 379	45 509	44 995
1000-kronesetlar	23 555	24 649	25 818	26 179	25 371	24 382	23 134	21 678	21 180	19 798	18 712
500-kronesetlar	8 278	9 060	10 374	11 213	11 882	12 722	13 623	14 542	15 633	16 306	17 101
200-kronesetlar	4 792	4 819	5 296	5 381	5 522	5 580	5 846	6 103	6 335	6 251	6 033
100-kronesetlar	2 012	2 021	2 119	2 121	2 083	2 029	2 062	2 099	2 149	2 118	2 096
50-kronesetlar	793	833	916	964	980	993	1 012	1 041	1 080	1 036	1 054
Myntar i alt	4 299	4 506	4 695	4 582	4 575	4 653	4 774	4 853	4 801	4 254	4 357
20-kronemyntar	1 667	1 778	1 849	1 665	1 541	1 556	1 599	1 629	1 638	1 679	1 715
10-kronemyntar	1 049	1 076	1 145	1 214	1 259	1 276	1 307	1 323	1 317	1 150	1 174
5-kronemyntar	538	563	598	630	654	664	674	679	662	502	515
1-kronemyntar	718	753	799	845	884	912	941	962	943	767	799
50-øremyntar	199	208	218	228	237	245	253	260	241	156	155
10-øremyntar	128	128	86	:	:	:	:	:	:	:	:

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på bankar	148	149	147	149	149	149	145	142	138	137	137
Sparebankar	127	126	124	123	121	118	113	111	109	107	106
Forretningsbankar	13	14	15	16	18	20	20	19	17	18	19
Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg	8	9	8	10	10	11	12	12	12	12	12
E-pengeføretak	5	5	4	3	3	3	3	3	2	2	3

Tabell 6: Talet på avtaler

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Avtalar om nettbank	2 976 690	3 282 793	4 009 321	4 438 137	4 841 244	5 251 874	5 496 535	5 712 911	6 020 427	6 218 674	6 690 106
Avtalar om nettbank – personkunder	:	3 221 839	3 683 843	4 089 644	4 471 351	4 865 720	5 097 505	5 300 353	5 595 545	5 759 449	6 207 945
Avtalar om nettbank – føretakskunder	:	60 954	325 478	348 493	369 893	386 154	399 030	412 558	424 882	459 225	482 161
Avtalar om mobilbank	-	-	-	-	-	:	:	:	:	98 609	569 028
Avtalar om mobilbank – personkunder	-	-	-	-	-	:	:	:	:	98 609	560 070
Avtalar om mobilbank – føretakskunder	-	-	-	-	-	-	-	-	-	:	8 958
Avtalar om å tilby eFaktura – personkunder	:	:	330	460	532	648	770	945	1 071	1 220	1 378
Avtalar om å tilby eFaktura – føretakskunder	-	-	-	-	-	-	:	:	132	123	125
Avtalar om mottak av eFaktura – personkunder	:	:	2 149 356	2 914 946	4 074 429	5 249 722	6 358 929	7 932 093	9 713 391	12 093 853	15 304 127
Avtalar om mottak av eFaktura – føretakskunder	-	-	-	-	-	-	:	:	58 278	84 126	293 004
Avtalar om mottak av eFaktura i EHF-format	-	-	-	-	-	-	-	:	2 005	7 760	31 064
Avtalar om bedriftsterminalgiro	:	:	27 904	28 707	29 127	32 983	33 466	26 153	15 129	15 963	16 534
Avtalar om brevgiro	1 540 768	1 453 825	1 189 770	1 152 349	906 957	810 818	759 995	723 867	681 023	626 342	596 126
Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro)	5 505 933	6 305 218	7 523 461	8 544 208	9 523 732	10 707 639	11 933 080	13 162 659	14 393 988	15 597 964	17 218 355
AvtaleGiro – betalingsmottakarar	7 905	8 761	9 554	10 373	11 135	11 945	12 619	13 130	13 572	16 417	15 520
AutoGiro – betalingsmottakarar	1 187	1 243	1 441	1 350	1 170	1 342	716	708	690	654	618

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på utferda kort per 31. desember	7 616	7 872	9 187	9 908	10 629	11 644	12 190	12 313	12 583	12 626	13 698
Kort med chip	:	:	1 235	2 540	3 848	6 516	10 066	11 568	12 029	11 862	12 764
Kort med magnetstripe	:	:	7 953	7 368	6 781	5 127	2 124	745	553	761	928
Virtuelle kort	:	:	:	:	:	:	:	:	:	3	6
Talet på funksjonar i utferda kort	12 298	12 449	14 169	15 335	16 772	17 837	19 015	19 447	19 795	20 289	21 988
Debetfunksjonar	9 326	9 107	10 138	10 519	11 899	11 789	12 968	13 564	13 620	14 449	15 650
BankAxept	4 985	4 894	5 537	5 569	6 218	6 057	6 620	6 897	6 945	7 332	7 931
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	4 341	4 214	4 601	4 949	5 681	5 732	6 349	6 667	6 675	7 117	7 719
Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)	470	451	478	522	535	542	528	593	572	569	557
Kredittfunksjonar	2 502	2 891	3 553	4 294	4 338	5 506	5 519	5 290	5 603	5 054	5 504
Nasjonale kredittkort	535	546	548	647	625	629	642	662	630	600	635
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	1 967	2 345	3 005	3 647	3 713	4 877	4 877	4 628	4 973	4 454	4 869
Innbetalingar på førehand (e-pengar)	:	:	:	:	:	:	:	:	:	218	277
Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort	94 386	96 591	100 021	109 821	119 953	122 359	125 684	130 397	138 034	141 980	149 817
Minibankar	2 180	2 184	2 250	2 272	2 283	2 253	2 193	2 194	2 157	2 096	2 033
Betalingsterminalar (EFTPOS)	92 206	94 407	97 771	107 549	117 670	120 106	123 491	128 203	135 877	139 884	147 784
Eigde av bankar	68 197	66 786	74 303	75 460	77 804	77 892	:	:	:	:	:
Eigde av andre	24 009	27 621	23 468	32 089	39 866	42 214	:	:	:	:	:
Talet på brukarstader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort	63 976	73 242	78 656	85 490	94 708	96 152	97 722	100 758	105 726	110 282	111 401

Kunderetta betalingstenester

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2015

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
I alt	1 144,9	1 235,5	1 342,9	1 478,0	1 604,3	1 701,4	1 837,1	1 976,1	2 137,7	2 286,6	2 450,3
Debet- og kreditoverføringer (giro)	465,6	480,4	491,2	512,4	528,3	541,6	563,4	575,3	597,2	615,7	633,9
Elektronisk	384,3	411,8	437,4	462,3	483,9	503,6	533,5	550,0	575,1	596,1	616,9
Blankettbasert	81,3	68,6	53,8	50,2	44,5	38,1	29,9	25,3	22,1	19,6	17,0
Betalingskort (varekjøp)	678,1	754,2	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 400,6	1 540,4	1 670,8	1 816,3
Elektronisk	664,2	737,9	830,7	960,3	1 073,2	1 157,7	1 271,8	1 398,9	1 538,3	1 668,8	1 814,3
Manuelt	13,9	16,3	20,4	4,8	2,4	1,9	1,7	1,8	2,1	2,0	2,1
Sjekk	1,2	0,8	0,7	0,5	0,4	0,3	0,2	0,2	0,1	0,1	0,1

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
I alt	465,6	480,4	491,2	512,4	528,3	541,6	563,4	575,3	597,2	615,7	633,9
Kreditoverføringer	418,2	431,6	441,3	455,1	468,8	476,0	492,7	499,3	514,7	528,0	538,9
Elektroniske	348,5	371,9	395,6	412,7	430,5	443,6	467,1	477,1	495,4	510,8	524,1
Bedriftsterminalgiro	160,2	95,8	51,5	46,1	43,2	44,1	44,9	47,1	14,5	14,5	15,7
Nettbank	138,4	227,8	293,6	318,8	340,4	349,6	371,3	378,1	427,1	435,8	440,8
Nettbankløysingar for personkundar	112,0	131,8	144,0	154,2	171,2	205,2	220,0	229,6	243,0	251,9	250,9
Nettbankløysingar for føretakskundar	26,4	96,0	149,6	164,6	169,2	144,4	151,4	148,4	184,1	183,8	189,9
Mobilbank	-	-	-	-	-	0,1	0,2	0,8	3,3	9,0	15,4
Mobilbankløysingar for personkundar	-	-	-	-	-	0,1	0,2	0,8	3,3	8,9	15,2
Mobilbankløysingar for føretakskundar	-	-	-	-	-	-	-	-	0,0	0,1	0,2
Telegiro	24,8	21,8	16,9	13,9	12,2	12,7	11,1	9,7	8,6	7,6	6,6
Andre elektroniske kreditoverføringer	25,1	26,4	33,6	33,8	34,7	37,1	39,5	41,5	41,9	43,9	45,7
Blankettbaserte	69,7	59,8	45,7	42,4	38,3	32,4	25,6	22,1	19,3	17,2	14,8
Bedriftsterminalgiro og nettbank med tilvising	3,0	2,6	1,0	1,7	1,3	1,2	0,9	0,7	0,6	0,5	0,5
Brevgiro	44,6	38,0	32,6	29,0	26,1	23,8	19,9	17,7	15,7	14,0	12,2
Giro levert inn på ekspedisjonsstad – kontobelastingar	22,0	19,2	12,1	11,7	10,9	7,4	4,8	3,8	3,0	2,6	2,1
Direkte debiteringar	35,8	39,9	41,8	49,6	53,4	59,9	66,4	72,8	79,7	85,2	92,8
Giroar leverte inn på ekspedisjonsstad – kontante innbetalingar	11,6	8,9	8,0	7,8	6,2	5,7	4,3	3,2	2,8	2,4	2,2

Tabell 10a: Betalingskort. Bruk av kort (millionar transaksjonar)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Bruk av norske kort i alt (i Noreg og i utlandet)	786,6	862,2	957,6	1 070,7	1 182,0	1 259,7	1 368,8	1 492,2	1 627,3	1 752,3	1 886,2
Varekjøp	678,1	754,5	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 400,6	1 540,4	1 670,8	1 816,3
Varekjøp utan kontantuttak	533,6	618,5	769,1	887,4	1 002,4	1 088,5	1 208,3	1 340,1	1 484,5	1 619,7	1 770,2
Varekjøp med kontantuttak	144,6	135,9	81,9	77,7	73,2	71,1	65,2	60,6	55,9	51,1	46,2
Kontantuttak utanom varekjøp	108,5	107,8	106,6	105,6	106,4	100,1	95,3	91,5	86,9	81,5	69,9
Bruk av norske kort delt inn etter funksjon	786,6	862,2	957,6	1 070,6	1 181,9	1 259,7	1 368,8	1 492,2	1 627,3	1 752,3	1 886,2
Debetfunksjonar	743,6	809,2	904,2	1 001,3	1 102,8	1 172,1	1 270,6	1 375,4	1 487,7	1 589,2	1 704,3
BankAxept	681,7	745,7	817,4	896,1	987,7	1 045,0	1 123,6	1 207,7	1 299,1	1 366,8	1 447,1
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	61,9	63,5	86,8	105,3	115,1	127,1	146,9	167,7	188,6	222,3	257,2
Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)	16,3	19,1	17,7	20,5	22,6	21,4	19,1	19,5	20,8	21,0	21,6
Kredittfunksjonar	26,7	33,9	35,7	48,8	56,5	66,2	79,1	97,3	118,5	141,2	159,0
Nasjonale kredittkort	5,7	6,1	6,5	7,8	8,8	8,0	6,7	6,2	6,3	5,9	4,9
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	21,0	27,8	29,2	40,9	47,8	58,2	72,4	91,1	112,3	135,2	154,1
Innbetalingar på førehand (e-pengar)	:	:	:	:	:	:	:	:	0,2	1,1	1,3
Bruk av norske kort i Noreg	748,3	823,4	907,1	1 000,3	1 107,6	1 177,0	1 265,4	1 369,5	1 473,3	1 560,3	1 666,5
Varekjøp utan kontantuttak	503,8	587,9	726,9	829,2	942,1	1 019,5	1 119,4	1 232,6	1 346,5	1 444,4	1 566,5
Varekjøp med kontantuttak	144,6	135,9	81,8	77,7	73,2	71,0	65,2	60,5	55,9	51,1	46,2
Kontantuttak utanom varekjøp	99,9	99,5	98,3	93,4	92,3	86,5	80,8	76,4	71,0	64,9	53,8
Bruk av norske kort i utlandet	38,3	38,8	50,6	70,4	74,4	82,7	103,4	122,7	153,9	192,0	219,7
Varekjøp	29,8	30,6	42,3	58,2	60,3	69,0	88,9	107,4	138,0	175,4	203,7
Kontantuttak	8,6	8,3	8,3	12,2	14,1	13,7	14,5	15,2	15,9	16,6	16,0
Bruk av utanlandske kort i Noreg	10,8	13,6	14,3	14,3	16,3	17,5	19,3	22,5	27,1	31,6	36,6
Varekjøp	9,3	12,4	12,6	11,7	13,5	15,1	17,0	20,1	24,7	29,6	34,7
Kontantuttak	1,5	1,3	1,7	2,7	2,8	2,4	2,3	2,4	2,3	2,0	1,9

Tabell 10b: Betalingskort. Bruk av betalingsterminalar (millionar transaksjonar)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Bruk av norske og utanlandske kort i innanlandske terminalar	780,9	857,3	941,1	1 035,1	1 146,3	1 222,2	1 309,4	1 413,0	1 531,2	1 623,5	1 733,0
